

*"Du har gjeve oss ein heim i di kyrkje på jorda..."(Kyrkjebøna)*

## **"Framover i tru!"**

**Sokneprest i Øygarden Prestegjeld  
Svenn Martinsen**

**Foredrag ved årsmøta i Hjelme og Blomvåg sokn 24.og 30.mars 2004.**

- *Vegen fram er veggen tilbake*
- *Min bakgrunn*
- *Eit ord eg fekk til tenesta mellom dykk*

*"Eg takkar han som gjorde meg sterk, Kristus Jesus, vår Herre, fordi han syntte meg tillit og sette meg til tenesta." 1.Tim.1,12*

- *Visjon for tenesta*

*-Eg vil som prest bevare dei døypte og truande i livet med Gud Herren Jesus Kristus, og kalle og hjelpe nye menneske til kristen tru og liv.*

- *Mål for tenesta*

*-Eg ønskjer*

- *å presentere menneske for Evangeliet om Jesus Kristus*
- *ved å ha ei klassisk teneste som "landsbyprest":*
- *Solid forkynning og undervisning, og sjelesorg ved hus-og sjukevitjingar, førebuing til dåp, gravferd og vigsel.*
- *å medvirke til fornying av Kyrkja sin dåpspraksis, og til vitalisering av gudstenester og kyrkjelege handlingar.*
- *at alle som trur kan bera vitnemålet om møtet med ein Levande Kristus ut i kvardagen.*
- *med orda i Kirkens Grunn, art. III om "Den Hellige Samhørighet" å støtte opp om den radikale lekmannsrørsla og bedehuset, slik at denne kan driva det kyrkjelege arbeidet, med støtte frå prest og kyrkjelyd.*
- *eit godt samvirke med den kyrkjelege rådsstrukturen.*

**Vårt sams bakteppe: Den apostoliske kyrkja: Ef.3,14-21**

**•Difor bøyer eg mine kne for Faderen, han som har gjeve namn til alt som heiter far og born i himmel og på jord. Eg bed om at han som er så rik på herlegdom, må styrkja dykkar indre menneske med si kraft og sin Ande, så Kristus ved trua kan bu i hjarto dykkar, og de kan vera rotfeste og grunnfeste i kjærleik. Då skal de saman med alle dei heilage maktast å fatta breidd og lengd, høgd og djupn, ja, kjenna heile Kristi kjærleik som er større enn nokon kan skjønna, og verta fylte med all Guds fullnad. Han som verkar i oss med si kraft og kan gjera så mykje meir enn alt det vi bed om og skjønna, han skal ha ære i kyrkjelyden og i Kristus Jesus gjennom alle ætter og i alle æver! Amen.**

Soknepresten i Øygarden  
Adresse Kontor: Boks 100, 5331 Rong  
Adresse Heimekontor: Maggevarde 56, 5363 Ågotnes  
Telefon Kontor: +47 56 38 22 44  
Telefon Heimekontor: +47 56 32 17 73  
Mobil: +47 950 67890  
Faks: +47 56 38 22 41  
Epost: [svennm@online.no](mailto:svennm@online.no)

- *Kyrkja: Kyriaké: Det som høyrer Herren til....*
- *Kyrkja: Kristus mellom oss, Mysteriet. Kolossarane 1, 26-28*

*"...den løyndomen som har vore duld i alle tider og for alle ætter, men som no er openberra for hans heilage. Gud ville kunngjera for dei kor rik og herleg denne løyndomen er for folkeslaga: Kristus mellom dykk, von om herlegdom! Han er det vi forkynner..."*

- *Kyrkja: Namnet, Folket, Ordet. Joh.17*

*"Eg har openberra ditt namn for dei menneske du gav meg av ve rda. Dei var dine, og du gav meg dei, og dei har halde fast på ordet ditt."(17,6)*  
*"Eg er ikkje lenger i verda, men dei er i verda, og eg går til deg. Heilage Far, hald dei fast i ditt namn, det namnet du har gjeve meg, så dei kan vera eitt liksom vi er eitt." (17,11)*  
*"Eg har kunngjort namnet ditt for dei og skal kunngjera det, så den kjærleiken du har hatt til meg, kan vera i dei, og eg sjølv kan vera i dei." (17,26)*

- *Kyrkja: Bygd av Heilaganden, på apostelgrunnvollen. Ef. 2, 18-22.*

*"Ved han har vi begge tilgjenge til Faderen i ein Ande. Så er de ikkje lenger framande og utlendingar, men de er borgarar saman med dei heilage og høyrer Guds husfolk til. De er oppbygde på apostel- og profetgrunnvollen, men hjørnesteinen er Kristus Jesus sjølv. Han held heile bygningen saman, så han i Herren veks til eit heilagt tempel, og ved han vert de òg bygde opp til ein bustad for Gud i Anden."*

- *Kyrkja: Eit folk av prestar, 1.Pet.2*

*"Ver de òg levande steinar som vert oppbygde til eit åndeleg tempel! Ver eit heilagt presteskap og ber fram åndelege offer, som er til hugnad for Gud ved Jesus Kristus...Men de er ei utvald ætt, eit kongeleg presteskap, eit heilagt folk, eit folk som høyrer Gud til, så de skal forkynna hans storverk, han som kalla dykk ut or mørker til sitt underfulle ljøs."*

### **Den lokale kyrkja: Øygarden prestegjeld**

- **Soknepresten sitt syn, men kan vere fleire.**
- **Embete og råd samarbeider godt.**
- **Samvirkemodell i kyrkjelova.**
- **Det friviljuge lekmannsarbeidet uavhengig, men "fordi det er i Øygarden..."**
- **Invitasjon til samarbeid.**
- **Har notert ønskje om luthersk samling.**
- **Alt under eit tak.**
- **Stiftelsesmodell?**
- **Verdikonservativ: "Ikkje nord om Svelgen."**

**Gudstenesta-å ferdast rett for Herren. 1.Tim. 3, 14-15**

Soknepresten i Øygarden  
 Adresse Kontor: Boks 100, 5331 Rong  
 Adresse Heimekontor: Maggevarde 56, 5363 Ågotnes  
 Telefon Kontor: +47 56 38 22 44  
 Telefon Heimekontor: +47 56 32 17 73  
 Mobil: +47 950 67890  
 Faks: +47 56 38 22 41  
 Epost: [svennm@online.no](mailto:svennm@online.no)

*"Dette skriv eg til deg, endå eg vonar å koma attende om ikkje så lenge. Men skulle det drya, vil eg at du skal vita korleis ein skal ferdast i Guds hus, som er den levande Guds kyrkje, sannings støtte og grunnvoll."*

*Gudstenesta- eit levande og heilag offer. Rom.12,1-2*

*"Så legg eg dykk på hjarta, brør, ved Guds miskunn, at de må bera fram lekamen dykkar til eit levande og heilagt offer som er til hugnad for Gud. Det skal vera dykkar åndelege gudsteneste. Og skikka dykk ikkje likt med denne verda, men lat dykk omskapa ved at de får eit nytt sinn og kan døma om kva som er Guds vilje: det gode, det hugnadlege, det fullkomne."*

*Gudstenesta-Gleda i Herrens Hus. Sal.84,3-5.*

*"Kor elskelege dine bustader er, Herre, Allhærs Gud! Mi sjel lengta, ja brann av lengsle, etter Herrens tempelgardar. No jublar hjarta og kropp mot den levande Gud. Ja, fuglen har funne ein heim, svala har fått seg eit reir, der ho kan leggja sine ungar, ved dine altar, Herre, Allhærs Gud, min konge og min Gud. Sæle er dei som bur i ditt hus, dei skal alltid lova deg."*

**Ønskje notert: Eit variert bilde**

- **Tradisjonell gudsteneste, men meir variasjon**
- **Nå alle grupper**
- **Ta vare på nye**
- **Born og ministrantar**
- **Forbønsteneste**
- **Nådegåver i funksjon**

**Framlegg**

*2 gudstenester for kvart sokn kvar 14.dag*

**ØY1**

*Ei gudsteneste kl. 1030 for å ta omsyn til dei som vil gå på tur på sundagen, og med fokus på born og familie. Liturgi og preike vil her bli enklare, og samlinga kortare. Her vil vi òg kunne ha dåp.*

**ØY2**

*Ei gudsteneste kl.1130 for å ta omsyn til dei som ønskjer meir fordjupning i trua, gjerne med alternative hovudfokus: Den eine gongen med hovudvekt på bibelundervisning, og den neste med kor og mykje liturgi.*

**VED SÆRLEGE HØVE**

*Ungdomsgudstenester, Thomasmesser, og kveldssongar/kveldsbøner.*

**Revisjon av planverk**

- **Dåpsprakis og dåpsopplæring**

Soknepresten i Øygarden

Adresse Kontor: Boks 100, 5331 Rong

Adresse Heimekontor: Maggevarde 56, 5363 Ågotnes

Telefon Kontor: +47 56 38 22 44

Telefon Heimekontor: +47 56 32 17 73

Mobil: +47 950 67890

Faks: +47 56 38 22 41

Epost: [svennm@online.no](mailto:svennm@online.no)

- **Konfirmasjon**
- **Vaksenundervisning**
- **Diakoni**
- **Evangelisering**
- **Misjon**
- **Ein plan?**

#### **Kyrkjelydsskule**

- **Alpha**
- **Beta, óg om den kristne etikken.**

#### **Ei Heilag, Allmenn Kyrkje**

• **Trong for å sikre ein kyrkjeleg heim, der kristen tru og etikk må kunne kjennast att, óg for born og barneborn.**

*...men skjær i sjøen...*

- **"Statens religionsvesen"**
- **Kongen førte an, kirken fulgte etter...(Utnemninga til Hamar 1992)**
- **Homofilisaka 1995, 1997, 1999**
- **Lærenemndsaka 2000**
- **Ny lærenemndsak, 070205**
- **Når biskopane går av**

#### **Løysingsframlegg**

**Av omsynet til fleksibiliteten i ei framtidig kyrkjeordning, bør det**

- **gjevast høve til å få alternativt tilsyn.(alternativ biskop)**
- **gjevast høve til "soknebandsløysing". (Høyre til i eit anna sokn enn den geografiske inndelinga tilseier.**
- **gjevast høve til å danna valkyrkjelydar. (Sokneråda og fellesrådet i sams uttale i samband med "Same kyrkje- ny ordning". 27.august 2002)**

#### **Nettverksbygging**

- **NLM, IMF , FBB, KF, SKG,**
- **DELK**
- **Frikirken, Thomas Bjerkholt**
- **Misjonsprovinsen, Sverige**
- **Forward in Faith, England, USA, Australia**
- **Konføderasjon: "Den store kristne tradisjon",Eit nytt "Faith and Order."**  
**Neh. 2,17-18. Jes.49,13-16, 62,10-12, 1/2.Makk.**

#### **Eit ord om Kristus i Øygarden til sist...**

Soknepresten i Øygarden

Adresse Kontor: Boks 100, 5331 Rong

Adresse Heimekontor: Maggevarden 56, 5363 Ågotnes

Telefon Kontor: +47 56 38 22 44

Telefon Heimekontor: +47 56 32 17 73

Mobil: +47 950 67890

Faks: +47 56 38 22 41

Epost: [svennm@online.no](mailto:svennm@online.no)

- *Han skal ikkje trøytna og ikkje bryta saman før han har breitt ut retten på jorda.  
Øyar og strender ventar på hans lære. Jes.42,4*

Soknepresten i Øygarden  
Adresse Kontor: Boks 100, 5331 Rong  
Adresse Heimekontor: Maggevarde 56, 5363 Ågotnes  
Telefon Kontor: +47 56 38 22 44  
Telefon Heimekontor: +47 56 32 17 73  
Mobil: +47 950 67890  
Faks: +47 56 38 22 41  
Epost: [svennm@online.no](mailto:svennm@online.no)